



NVE
Konsesjonsavdelinga
P.b. 5091 Majorstua

0301 OSLO

Høyringsfråsegn til søknad om Bredvatn kraftverk

SFE Nett AS ynskjer å gje ei kort fråsegn til SFE Produksjon sin konsesjonssøknad for Bredvatn Kraftverk. SFE Nett er både utgreiingsansvarleg for kraftsystemet i Sogn og Fjordane og eigar av 132kV nettet som kraftverket vil mate inn mot.

Statnett er i gang med bygging av 420kV Ørskog – Sogndal. Denne leidningen og ny 420/132kV transformatorstasjon i Ålfoten er ein føresetnad for at Bredvatn kraftverk kan tilknyttast nettet. Kraftverket vil bli tilknytt eksisterande 132kV anlegg i Åskåra kraftverk og vil skape eit auka overføringsbehov frå Åskåra til ny 420kV stasjon i Ålfoten.

I 2011 søkte SFE Nett om konsesjon for 132kV kraftleidning Ålfoten-Åskåra-Øksenelvane-Kroknakken og Øksenelvane transformatorstasjon (no kalla Lunden transformatorstasjon). Denne søknaden omfatta også skifte av linetråd på seksjonen mellom Åskåra kraftverk og nye Ålfoten transformatorstasjon (då føresett bygd i Førdedalen). Som ein konsekvens av OED si avgjerd om å flytte Ålfoten transformatorstasjon til Myklebustdalen vart handsaminga av denne seksjonen lagt til sides.

SFE Nett har gjort ny systemanalyse med særleg fokus på omsøkte Bredvatn kraftverk. Kort oppsummert viser denne:

- Bredvatn kraftverk aleine kan knytast til eksisterande nett i Åskåra under den føresetnad at dagens leidning vert temperaturoppgradert frå 50 °C til 70°C linetemperatur.
- Med forventa utvikling i området elles så framstår den opphavleg omsøkte løysinga (med linetråd 774 Al59) mellom Åskåra og Ålfoten som teneleg.

Det gjenstår nærare teknisk utgreiing for desse tiltaka. På bakgrunn av erfaringar frå andre anlegg reknar SFE Nett med at nødvendig temperaturoppgradering lar seg gjennomføre med berre mindre tiltak som ikkje krev eiga konsesjonshandsaming. Dette kan difor forsvarast å gjennomføre sjølv om vi ventar at det på lenger sikt også må skiftast linetråd. Det ligg i dag ikkje føre søknader om anlegg som vil utløyse eit slikt behov.

Med helsing
SFE Nett AS


Kristen Skrivarvik
Nettplanleggar

Sogn og Fjordane Energi AS

Bukta, 6823 Sandane
Telefon: 57 88 47 00
Telefaks: 57 88 47 01
Kundesenter: 57 88 47 47
E-post: post@sfe.no

Heimeside: www.sfe.no
Org. nr.: 984 882 092
Bankkonto: 8580.13.92356

SFE Nett AS
Org. nr.: 984 882 114
Bankkonto 8580.13.93093
Besøksadr. Hamregata 1, Florø

SFE Produksjon AS
Org. nr.: 984 882 106
Bankkonto 8580.13.93069

SFE Kraft AS
Org. nr.: 984 882 076
Bankkonto 8580.13.93662

Svelgen Kraft AS
Telefon: 57 79 61 00
Org. nr.: 986 530 649
Bankkonto: 8580.13.93182
Besøksadr.: Svelgen